



Statens vegvesen

Jan Ole Seim
Vardane 119
5911 ALVERSUND

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
15/207937-1

Dykkar referanse:

Vår dato:
24.11.2015

Fv. 402 Lurevegen– Søknad om utvida bruk av avkjørsle, Lindås kommune

Vi viser til søknad motteke 8. september 2015, om utvida bruk av avkjørsle frå fv. 402 Lurevegen ved Seim i Lindås kommune. Søker ønskjer å byggje 2 bustadeiningar knytt til avkjørsla, på eigedom gnr. 170 bnr. 4.

Veg/stad: fv. 402 – hp 1 – km 0,150 /gnr. 170 bnr. 4 i Lindås kommune.

Opplysningar om saksgang

Før Statens vegvesen handsamar søknader etter veglova skal tiltaka vere avklara etter plan- og bygningslova. Gnr. 170 bnr. 4 er vist som landbruks-, natur og friluftsområde (LNF) i kommuneplanens arealdel. Bustad fell ikkje inn under LNF-føremålet. Det er kommunen som planmynde som avklarar ein eventuell dispensasjon frå LNF-føremålet. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. I denne saka gjeld dette utvida bruk av avkjørsel. Nedanfor følgjer ei førehandsuttale til dispensasjonsaka.

Førehandsuttale til handsaming etter plan- og bygningslova

Avkjørsla ligg innafor område regulert i plan «Rv. 57 Hp. 1 Espeland–Herland», vedteke i 2004. Dagens avkjørsle ligg på same stad som reguleringsplanen viser, men frisikta er ikkje i samsvar med planen.

Det kan påreknast bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 2 bustadeiningar når avkjørsla er utbetra i tråd med reguleringsplanen, og generelle tekniske krav til avkjørsler er oppfylte.



Utsnitt av reguleringsplan «Fv.57 Hp 1 Espeland–Herland»

- Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkjørsla skal vere minimum 59 meter til begge sider av køyrebana, jf. gjeldande reguleringsplan. Eventuelle planter o.l. i siktsonene kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. For denne avkjørsla må sikta ordnast i retning nordvest, mot Seim.
- Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg t.d. med grøft mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkjørsla skal vere 4,5 meter.
- Stigningskrava må haldast. Avkjørsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane frå kantlinja.
- Av omsyn til vedlikehald og trafikktryggleik må det ikkje samle seg vatn i avkjørsla eller renne vatn ut i fylkesvegen. Det kan vere behov for dreneringsrøyr under avkjørsla.

Vi har ingen vesentlege merknader til kommunen si handsaming av saka under føresetnad av at avkjørsla vert opparbeidd i tråd med våre krav.

Vidare saksgang for handsaming av saka etter veglova

Statens vegvesen avventar vidare handsaming av søknad om utvida bruk av avkjørsel og dispensasjon frå byggegrense mot veg til saka er avklart etter plan- og bygningslova frå kommunen si side. Det må då sendast ny søknad.

Plan og forvaltning – Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.